

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 20.11.2018
SAKSHANDSAMAR: Charlotta Schaefer
SAKA GJELD: **Oppnemning av regionalt brukarutval i Helse Vest 2019-2021**

ARKIVSAK: 2018/497
STYRESAK: 129/18

STYREMØTE: 11.12. 2018

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Vest oppnemner følgjande medlemmer og vara-medlemmer til det regionale brukarutvalet (RBU) i Helse Vest RHF for funksjonsperioden 1. januar 2019 - 1. januar 2021:

Medlemmer:

- Elisabet B. Salte, FFO Rogaland/Norges Astma- og allergiforbund, Rogaland
- Astrid Gytri, FFO Sogn og Fjordane/LPP
- Jostein Bildøy, FFO Sogn og Fjordane/Hørselshemmedes Landsforbund
- Joe R. Aseerwatham, Det felles innvandrerråd Hordaland
- Merete Hauge, FFO Hordaland/ME-foreningen, Hordaland
- Jan Oddvar Gjerde, FFO Hordaland/LHL, Hordaland
- Anne Marie Auestad, SAFO Sørvest
- Henrik Aasved, Kreftforeningen/Lungekreftforeningen
- Karl Olaf Sundfør, Rusmisbrukenes interesseorganisasjon (RIO)
- Oddrun Strand Rangenes, Pensjonistforbundet

Vara-medlemmer:

- Annbjørg Hellestræ, FFO Rogaland/ Mental helse
- Vidar Myren, 1. vara FFO Sogn og Fjordane/ Diabetesforbundet
- Liv Elin Moldekleiv, 2. vara FFO Sogn og Fjordane/ Cerebral pareseforeningen
- Sajjad Younas, Det felles innvandrerråd Hordaland
- Lene Nilsen, 1. vara FFO Hordaland/ Revmatikerforningen Hordaland
- Magnus Heggø, 2. Vara FFO Hordaland/ Landsforeningen for muskelsyke
- Mona Kyllingstad, SAFO Sørvest
- Sissel Aanes, Kreftforeningen
- Rami Knudsen, RIO

- Eiliv Kolsrud Berdal, Pensjonistforbundet
2. Styret oppnemner leiar og nestleiar for regionalt brukarutval. Kandidatar blir presentert munnleg i møtet.

Oppsummering

Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO) i Hordaland, Sogn og Fjordane, Rogaland, Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner (SAFO Sørvest), Pensjonistforbundet, Kreftforeningen, Det felles innvandrerråd Hordaland og Rusmisbrukernes interesseorganisasjon (RIO) har sendt inn forslag til representantar til Regionalt brukarutval i Helse Vest for funksjonsperioden 2019-2021.

Fakta

Regionalt brukarutval blei vedteke oppretta i styremøte 27. mai 2002, sak 51/02. Det går fram av saka at Regionalt brukarutval vert oppnemnd for to år om gongen. Regionalt brukarutval hadde sitt første konstituerande møte 27. juni 2002.

I felles retningslinjer for brukarmedverknad, som blei vedtatt av styret i Helse Vest 4. april 2017 (042/17), står det følgjande om brukarutvalet sin samansetjing:

- *at samansetjinga av brukarutvalet skal spegle heile verksemdsområdet til helseføretaket, vanlegvis gjennom balansert representasjon frå somatikk, psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling*
- *at pårørandeperspektivet, med særleg vekt på foreldre til sjuke barn, er representert i tillegg til eldre, barn og unge og etniske minoritetar*
- *at alminnelege prinsipp for kjønnsrepresentasjon er ivaretekne*
- *at ein prøver å ta omsyn til aldersrepresentasjon og geografisk representasjon*
- *at både små og store organisasjonar skal vere representerte, slik at utvalet totalt sett har ei god forankring*

I tillegg bad styret spesifikt ved førre oppnemning (2. november 2016) om at regionalt brukarutval minst skulle ha ein representant med minoritetsbakgrunn for neste funksjonsperiode, for å ivareta interesser til pasientar med innvandrarbakgrunn.

På bakgrunn av nominasjonar frå organisasjonane er følgjande medlemmer og vara-medlemmer foreslått til Regionalt brukarutval for funksjonsperioden 2019 – 2021:

Medlemmer:

- Elisabet B. Salte, FFO Rogaland/Norges Astma- og allergiforbund, Rogaland
- Astrid Gytri, FFO Sogn og Fjordane/LPP (ny)
- Jostein Bildøy, FFO Sogn og Fjordane/Hørselshemmedes Landsforbund
- Joe R. Aseerwatham, Det felles innvandrerråd Hordaland (DFIRH) (ny)
- Merete Hauge, FFO Hordaland/ME-foreningen, Hordaland
- Jan Oddvar Gjerde, FFO Hordaland/LHL, Hordaland (ny)
- Anne Marie Auestad, SAFO Sørvest (ny)
- Henrik Aasved, Kreftforeningen/Lungekreftforeningen
- Karl Olaf Sundfør, Rusmisbrukernes interesseorganisasjon (RIO)
- Oddrun Strand Rangenes, Pensjonistforbundet (ny)

Vara-medlemmer:

- Anbjørg Hellestræ, FFO Rogaland/ Norsk revmatikerforbund
- Vidar Myren, 1. vara FFO Sogn og Fjordane/ Diabetesforbundet
- Liv Elin Moldekleiv, 2. vara FFO Sogn og Fjordane/ Cerebral pareseforeningen
- Sajjad Younas, Det felles innvandrerråd Hordaland (DFIRH)
- Lene Nilsen, 1. vara FFO Hordaland/ Revmatikerforbundet Hordaland
- Magnus Heggø, 2. vara FFO Hordaland/ Landsforeningen for muskelsyke
- Mona Kyllingstad, SAFO Sørvest
- Sissel Aanes, Kreftforeningen
- Rami Knudsen, Rusmisbrukernes interesseorganisasjon (RIO)
- Eiliv Kolsrud Berdal, Pensjonistforbundet

Val av leiar og nestleiar til Regionalt brukarutval

Leiar for RBU deltek som observatør ved styremøter, i tillegg til å leie brukarutvalsmøter. Leiar og nestleiar fungerer som talerør for dei saker brukarutvalet ønskjer å drive og tek avgjer rundt interne oppgåver i RBU.

Felles retningslinjer for brukarmedverknad seier følgjande om oppnemningsprosessen:

«Styret i helseføretaket oppnemner medlemmene i brukarutvalet, inkludert leiaren og nestleiaren, etter innstilling frå administrerende direktør på grunnlag av innsende forslag frå pasientorganisasjonane.

God dialog mellom helseføretaket og organisasjonane blir sikra i nominasjons- og oppnemningsprosessen. Organisasjonane som foreslår kandidatar, skal oppmodast om å sende informasjon om relevant formal- og realkompetanse. Bakgrunnssjekk gjennom innsend informasjon og eventuelt intervju dannar grunnlaget for utveljinga.»

Tidligere funksjonsperiodar har brukarutvalet konstituert seg sjølv ved første møte, men denne praksis er endra etter at dei nye retningslinjene blei vedtatt. Helse Vest har bedt dei nominerte om å melde interesse for leiar- og nestleiarvervet. To kandidatar har meldt interesse for leiarvervet og tre kandidatar for nestleiarvervet. Det har blitt gjennomført intervju med kandidatane som har meldt interesse. Med bakgrunn i intervju og CV vil administrerende direktør legg fram forslag på leiar og nestleiar av Regionalt brukarutval. Dette blir presentert munnleg i styremøtet.

Konklusjon

Heile helseregionen er representert i forslaget til nytt regionalt brukarutval. Forslaget inneheld fem nye og fem attvalte brukarrepresentantar. Vi sikrar på den måten balansen mellom kontinuitet og nye medlemmar. Det er 50 % kvinner og 50 % menn i utvalet. Alle verksemdsområda (somatikk, rus, psykisk helsevern) er representerte, og det er ein jamn geografisk og kjønnsmessig fordeling.

FFO har historisk sett hatt to medlemmer frå kvart fylke i regionalt brukarutval. I år blei FFO bedt om å nominere minst ein representant med innvandrarbakgrunn. Då FFO ikkje klarte å nominere nokon representant med innvandrarbakgrunn, vil Helse Vest difor gje ein av plassane til Det felles innvandrarråd i Hordaland. For å sikra den geografiske fordelinga var det naturleg at FFO Rogaland fekk ein plass mindre i utvalet. Det blir totalt 4 medlemmer frå Rogaland (FFO, SAFO, RIO og Pensjonistforbundet), 4 frå Hordaland (FFO, Kreftforeningen og DFIRH) og 2 frå Sogn og Fjordane. Føringsane i retningslinja er slik sett fylt opp i tilstrekkeleg grad.